Melding frå Johannes Vadla,
Årdal herad, Rogaland fylke.

Hjelpesmann: Reiar Skoarbö,
85 år - Årdal, Rogaland.

# Brynet.

1. Det vanlege namnet på brynet her er kvasstein (-sin). Hein (bygdeutt. = heid'n) var eit finare bryne som vart brukt på hövel=tenner og barberknivar m. m.

2 Her vert no brukt både kunststein og natursteín til bryne - mest av fyrste slaget. Her finst ikkje natursteinbrot i bygda. Reiar Skoarbö fortel at bestefar hans ekserte i Kristian=sand ikring 1800. Rygfylkingane for opp Setesdalen og vestover heiane heimatt. Dei kjöpte kvatsteinar i Kristiansand og tok med seg heim. Ein an=nan gamal mann her, Ola Höyland, 80 år, fortel etter far sin at dei kalla kvatsteinane for hardingsteinar. Dette tyder på at kvatsteinane her var frå Hardanger.

3. Dei fleste reiskaper her vart slipte på rund slipestein og etterpå kvatte med kvat=stein. Barberknivar vart ^helst^ ikkje slipte ~~med~~ kvatte med hein. Ingen her kan hugsa kva tid slipestein kom i bruk. Major Weltzin budde på Toppaland - ein gard her i bygda. Han var f. 1754 og d. 1830. Han hadde slipestein på garden. Husmannen, Sigbjörn Torjå u. Tjentland kom til majoren og bad han slipa ~~kar~~ rake=kniven sin. Sigbjörn tykte det gjekk for seint med slipinga, og sa til majoren: „By åt eggji!" (Sigbjörn var frå Telemark.) Dette var truleg i kring



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1820.

4. Ingen her kan hugsa at det vart brukt anna enn slipeljå. Reiar Skoarbö fortel, at Jens Jensson Ytrevoll – ein gard her i bygda – f. 1802, d. 1888, brukte tynnsleljå og tynnte ljår for andre. Dette må vera 1850 åra; for J. J. Y. kom hertil bygda i 1846. Truleg vart båe ljåslaga brukte i overgangstida. Tynnsleljåen vart tynnt ut med ein hamar på eit ste. Etterpå vart ljåen retta inn med eit tre=stykke; men ingen her veit koss dette var laga. Dei kvatte tynnsleljåen med kvatstein. Kornsigd og lauvsigd vart uttynnt på same måten. – Reiar Skogarbö seier at kvatsteinen er brukt her lenge för slipesteinen.

5. Ingen her kan minnast ein sovoren liggjande stein. – Dei brukte å grava harde kvatsteinar med i maurtuver så dei skulle verta mjukare. Far min gjorde det i 1890 åra. Når slåtteteigen (skrapeslått) låg for langt undan, vart slipesteinen teken med ut i slåttemarka. Kor gamal skikken er kan ingen, Menyghugsar det vart gjort i kring 1895.

6. Dei brukte ljåen så lenge det var bit i han. Den beste slåttekaren var den som lengst kunne halda bitet i ljåen sin.

7. Gamle slåttekarar, minnest eg, kvatte ljå=en med kvatstein og strauk den med stroka (ei) etterpå. Stroka var laga av eikeal eller seljeal og festa på skolpen med ei klype på skaftet. I övre enden av stroke=skaftet var ljålaget – ei jarnklauv – som ~~gjekk~~ vart fört innover ljåbakken og la ljåen til






NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eller frå marka etter som dei ville ha han.

8. Ljåen vart löyst or orvet når dei skulle slipa, og dei heldt ljåen med egga mot seg under slipinga.

9. Dei heldt ikkje stuttorvljåen og langorv=ljåen på same måten under kvetjinga.
Stuttorvet sette dei mellom låra ovaom kne, og sette så högre foten over vinstre. Undersida av orvet og ljåen vende opp, så ljåen låg til högre for orvet, og vart halden fast med vinstre handa under kvetjinga.
Langorvet sette dei med armendan i marka på skrå på högre side av seg med undersida av orvet og ljåen opp. Vinstre handa heldt ljåen fast under kv.

10. Kvatsteinen vart boren i stålpen, som var laga av tre, og såg såleis ut:
Det vanlege namnet var stålp (ein)
Ein og annan kalla den kåtehålk (ein)
Dei hadde vatn i stålpen, over helvta opp frå botnen.




11. Forgen her kjenner til, at kvatsteinen vart boren i ku- eller stutehorn.

12. Stålpen hang etter ein krok i slåtte=reima bak.

13. I stålpen var vatn. (sjå 10.)

14. Ikkje noko sers namn her på kåtegruten.

15. } Kåtegruten vart ikkje brukt som lækjeråd
16. } mot ringorm eller mot nokon sjukdom.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17. (Sjå under 5)

18. Her finst ingen forteljing eller tradisjon om at kvatsteinen talar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
210